

INSTRUKS FOR KONTROLLKOMITEEN I HELSE VEST RHF

1. FORMÅL

Kontrollkomiteen er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har som føremål å styrke styret sitt fokus på kontroll og tilsyn, mellom anna ved å sjå til at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv ekstern og intern revisjon.

Kontrollkomiteen skal førebu saker for styret og sjå til at krav som er sett i regelverk, føretaksmøte og årlege bestillingsdokument blir tilfredsstilt.

Kontrollkomiteen skal ha tilsyn med korleis etiske regelverk blir etterlevd og med andre tiltak som kan ha innverknad på omdømme til føretaka.

Komiteen kan i samband med dette foreta undersøkingar på spesielle saksområde innan Helse Vest og rapportere til styret.

2. MYNDE OG ANSVAR

Kontrollkomiteen er ansvarleg for utføringa av sine oppgåver berre overfor styret i Helse Vest RHF. Ansvar til styret og det einskilde styremedlem vert ikkje endra som følge av kontrollkomiteens arbeid.

Kontrollkomiteen har mynde til å undersøke alle forhold ved helseføretaka. Alle tilsette skal gje dei opplysningane og yta den bistand som kontrollkomiteen måtte be om, med atterhald om avgrensingar i lov og regelverk, m.a. lov om teieplikt.

Kontrollkomiteen kan setja i verk dei undersøkingane den finn nødvendig for å ivareta sine oppgåver. Kontrollkomiteen skal i slike situasjonar normalt nytta internrevisjonen, men kan også innhente eksterne råd og bistand. Kostnaden for arbeidet skal dekkast av Helse Vest RHF.

3. ORGANISERING

Styret fastset instruks for kontrollkomiteen.

Styret velgjer tre medlemmer til kontrollkomiteen frå medlemmene i styret. Medlemmene må tilfredsstille eventuelle krav som er definert i lov, av eigar eller i generelle krav til god verksemdstyring.

Styret velgjer leiar av kontrollkomiteen for eitt år av gangen.

4. OPPGÅVER

Kontrollkomiteen skal følgja opp dei etablerte revisjonsfunksjonane i Helse Vest (ekstern og intern revisjon) for å få sikra at dei opptrer uavhengig og gjennomfører sine oppdrag i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav.

Kontrollkomiteen skal gjennom sitt arbeid sjå til at Helse Vest har etablert internkontroll- og kvalitetssikringstiltak som er tilpassa risikoen i føretaka.

Kontrollkomiteen skal forsikra seg om at styrings- og kontrollsystema i føretaka sikrar rett økonomisk rapportering, etterleving av regelverk, samsvar med kvalitetskrav og pasientrettar.

Kontrollkomiteen skal halda seg orientert om tilsyns- og kontrollrapportar og korleis rapporterte feil og avvik vert retta opp. Kontrollkomiteen skal i samband med dette vurdere om etablerte rutinar er tilfredsstillande.

5. RAPPORTERING TIL STYRET

Kontrollkomiteen rapporterer munnleg til styret på første styremøte etter kvart møte i komiteen.

Etter pålegg frå styret, og når kontrollkomiteen vurderer det som naudsynt, skal einskildsaker rapporterst skriftleg til styret.

Referat frå møta i kontrollkomiteen skal leggjast fram for medlemmene i styret.

Kontrollkomiteen skal årleg utarbeida ein rapport om arbeidet sitt til styret.

6. MØTER

Kontrollkomiteen møter så ofte den finn det nødvendig, men minst fire gonger årleg. Komiteen utarbeider ein årlig møte- og aktivitetsplan som skal leggjast fram for styret.

Ordinær behandling i kontrollkomiteen skal skje i møter. Møta i kontrollkomiteen er opne.

Sakene skal handsamast av ein samla komité og det må vera minst to medlemmer tilstades for at møte skal vera lovleg sett.

Kontrollkomiteen bestemmer sjølv si møteform.

Innkalling til møta skal skje skriftleg og dei sakene som skal handsamast skal gå fram av innkallinga . I spesielle tilfelle kan leiar av kontrollkomiteen avgjera at innkalling kan skje munnleg.

Styremedlemmer og administrerende direktør eller den han utpeikar i Helse Vest RHF, har møte og talerett i kontrollkomiteen .

Internrevisjonssjef deltar på møta og er sekretær for komiteen.

Ekstern revisor kan delta på møter i kontrollkomiteen.

Styreleiarar og administrerende direktørar i helseføretaka har møte- og talerett i kontrollkomiteen når saker under deira ansvarsområde blir handsama.

7. INFORMASJON

Verksemda i Helse Vest er omfatta av offentlegheitslova. Informasjon i saksdokument skal nyttast slik at den ikkje er til skade for arbeidet i komiteen og i styret.

Det skal gå fram av sakspapira dersom informasjon skal handsamast konfidensielt med heimel i lov, og det inneber også at medlemmene i komiteen har teieplikt om desse sakene.

8. IVERKSETTING

Denne instruksen gjeld frå 3. mai 2006 og erstattar instruks vedteken av styret 14. desember 2005.